

Kunnskapsdepartementet

Postboks 8119 Dep.

0032 OSLO

05.04.2006

## HØYRINGSFRÅSEGN

### ”Ny del II til Læreplanverket for Kunnskapsløftet - Utkast til Prinsipper for opplæringen)”

Ein viser til høyringsnotat og høyringsbrev frå Kunnskapsdepartementet, dagsett 07.03.06

Landslaget for nærmiljøskulen (LUFSS) helsar framlegget frå departementet til ny del II, velkome.

LUFSS sluttar seg til dei overordna tankane som kjem fram i høyringsnotatet – og har desse kommentarane:

#### s.2: Sosial og kulturell kompetanse

LUFSS er svært nøgde med at desse kompetansane er komne inn i læreplanverket, og sluttar seg til alt som står der, men meiner at to viktige perspektiv manglar og må innarbeidast:

#### 1. Aldersblanding

Aldersblanding er viktig både for tileigning av sosial og kulturell kompetanse. Det vesle som stod i L97, s. 62: ”*Samvær mellom aldersgrupper er ei kjelde til gjensidig læring, omsorg og ansvarskjensle*”, må forsterkast og vidareutviklast.

Når det gjeld sosial kompetanse må det komme fram at aldersblanding er ein ressurs for sosial utvikling. T.d. skjer mykje tileigning av normer, verdiar og haldningar gjennom modell-læring og identifikasjon, og dette må skulane kunne bruke konstruktivt.

Når det gjeld kulturell kompetanse hevdar professor Jon Roar Bjørkvold at kulturell overføring har skjedd frå generasjon til generasjon ved at ungar har lært av kvarandre og av vaksne (i boka: *Det musiske mennesket*, 1989). I utvikling av kulturell kompetanse må det difor komme fram at skulen må utnytte det potensialet som aldersblanding kan ha.

#### 2. Lokal kultur

Delen om kulturell kompetanse manglar etter LUFSS si meining det lokalkulturelle perspektivet. Særleg er det viktig for utvikling av trygg identitet at elevane blir kjende med sin eigen kultur. Me ønskjer difor at noko av det som står i L97 s. 64 om at elevane skal bli kjende med sin eigen kultur inn i dette avsnittet.

### s.2: Motivasjon for læring og læringsstrategiar

Også her bør den drivkrafta som aldersblanding representerer innarbeidast. Ein enkel måte å gjere det på kan vere i setningen: "Elevane skal få oppgaver som utfordrer, og som de kan mestre alene eller sammen med andre" å legge til at elevane også må få høve til å samarbeide i grupper på tvers av alder.

### s. 4: Samarbeid med lokalsamfunnet

LUFSS meiner dette er ein viktig og svært god del. Siste avsnitt som byrjar med: "Godt samarbeid mellom barnehage og grunnskule, ..., kan lette overgangen." meiner me har for avgrensa perspektiv.

I bygder med små elevgrupper både i barnehagen og skulen blir oppvekstsenter meir og meir vanleg, og oppvekstsentra kan bidra til mykje meir enn å lette overgangen. Dette må synleggjerast.

Nokre fakta om oppvekstsenter:

Oppvekstsenter med samarbeid mellom barnehage og skule
Eit oppvekstsenter er eit heilskapstilbod til alle barn i bygda frå dei er eitt til dei er tretten (seksten) år. Oppvekstsenteret kan ha frå nokre få til svært mange funksjonar. Som minimum må oppvekstsenteret omfatte barnehage og grunnskule. Til vanleg er dei under same tak og same leiing. Skulefritidsordning inngår som regel i oppvekstsenteret. Folkebibliotek, kulturskule og samarbeid med lag og organisasjonar i bygda vil utvide og gjere læringsmiljøet på oppvekstsenteret rikare og meir allsidig. Det same vil entreprenørskap og elevbedrift. Di fleire funksjonar oppvekstsenteret omfattar, di betre vil det vere både for borna og bygda.


LUFSS meiner det bør stå noko positivt om oppvekstsenter i DEL II. Djupedal sa 16.02 at barnehagane er ein del av utdanningsløpet. I oppvekstsenter er det mogleg å arbeide med fleire basiskompetansar frå borna er eitt år til dei er 13 (16).


### Konklusjon:


LUFSS støttar i innhaldet i høyringsnotatet. Nokre viktige perspektiv for dei små skulane med aldersblanding bør innarbeidast:

- Aldersblanding som ressurs for utvikling av sosial og kulturell kompetanse
- Lokalsamfunnet som arena for læring og utvikling på fleire område
- Oppvekstsenter som gjer det mogleg å sjå utdanningsløpet frå 1 til 13 (16) år i samanheng

Med helsing

  
Kristoffer Melheim  
-pedagogisk rådgjevar-

  
Brite Kandal  
- leiår i pedagogisk utval-

  
Erik Stettahaug  
- leiår -

---

**LUFSS - Landslaget for nærmiljøskolen**

Org.nr. 881 203 812

Rådgjevar Kristoffer Melheim 6873 Marifjæra

Telefon : 57 687370

[kristoffer.melheim@lufs.no](mailto:kristoffer.melheim@lufs.no)